



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Førde kommune
Postboks 338
6802 FØRDE

Deres ref
15/497-17

Vår ref
15/4445-10

Dato
04.02.2016

Kommunereform - Førespurnad om utsett frist

Eg viser til brev av 19. januar med spørsmål om å få utsett frist for vedtak i kommunereforma til etter at det nye inntektssystemet er vedtatt i Stortinget i juni 2016. Grunngevinga for førespurnaden er at det er ønskeleg å sjå kva verknader det nye inntektssystemet vil få.

Ved handsaminga av Prop. 121 S (2014–2015) Kommuneproposisjonen 2016, jf. Innst. 375 S (2014–2015), vedtok Stortinget følgjande: "*Stortinget ber regjeringa syta for at fylkesmennene kjem med sin tilråding om kommunestrukturen i fylket etter at kommunane har gjort sine vedtak seinast 1. juli 2016.*"

Dette vedtaket er følgt opp ved at alle fylkesmenn er bedt om å kome med ei oppsummering og tilråding om den framtidige kommunestrukturen i fylket innan 1. oktober 2016.

Prosesen i kommunereforma er lagt opp med sikte på at regjeringa skal legge fram ein proposisjon for Stortinget våren 2017. For at mitt departement skal kunne legge til rette for god sakshandsaming der alle relevante aktørar blir involverte, ser eg ikkje at fristane kan skyvast på for verken for kommunane eller fylkesmennene. Det som kan vere verd å merke seg er at kravet til kommunane sitt vedtak 1. juli er om og eventuelt kven kommunen ønskjer å slå seg saman med. Det er ikkje krav til at kommunane skal ta stilling til verken namn på den nye kommunen, tal på representantar i det nye kommunestyret eller andre tema. Kommunane bør ha tett kontakt med Fylkesmannen om framdrifta, tidsplanar og kva som må vere klart før 1. juli.

Eg er klar over at det frå statens side blir førebudd endringar på fleire områder som kan ha verknader for kommunane, og som kommunane kan ønskje at dei hadde full oversikt over før dei fattar vedtak. Når det gjeld den varsla endringa av inntektssystemet, har vi gjennom inndelingstilskotet laga ei ordning som skal sikre kunnskap om framtidige inntekter for dei

kommunane som slår seg saman. Dette tilskotet er ei langsiktig og særst gunstig ordning som kompenserer kommunar som har slått seg saman for ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av samanslåinga. Inndelingstilskotet inneber at kommunane får kompensasjon for tap av basistilskot, som er eit fast beløp per kommune, og netto nedgang i samla regionapolitiske tilskot som følgje av samanslåinga. Den nye kommunen vil få fullt inndelingstilskot i 15 år, før tilskotet vert trappa ned over fem år. Sidan vi har varsla endringar i inntektssystemet med verknad frå 2017, har regjeringa avgjort at storleiken på inndelingstilskotet i reformperioden skal reknast ut på basis av inntektssystemet i 2016. Dette betyr at kommunar som slår seg saman i reformperioden vil ha god kunnskap om dei framtidige inntektene for den nye kommunen.

Dei kommunane som vel ikkje å slå saman med andre, vil måtte leve med større usikkerheit om framtidige inntekter. Dette skuldast ikkje først og fremst endringane i 2017, men i større grad at det i tiåra framover vil kunne bli mange endringar i både total økonomisk ramme for sektoren og i fordelinga av denne mellom kommunane.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Jan Tore Sanner', with a stylized flourish at the end.

Jan Tore Sanner